



## Referat frå møtet 12.03.2025, veke 11

Det var **17** **frammøtte** denne kvelden – medrekna Perry Sævik på Teams frå Spania og ein gjest, Julia Favoritova.

**President Eva** opplyste at **Kari Herder Kaggerud** hadde bursdag måndag 3. mars – og vi gratulerer!



### Det var to Tigris-innlegg

**President Eva** er leiar for Bamble Andelsgård og fortalte om økologiske og andre gulrotfrø, som ikkje har same utsjånad. Å så gulrotfrø er ingen enkel affære, men lettare blir det om ein limar dei på lange remser av dopapir, som ein så legg i åkeren. Ein avansert gulrotdiskusjon som referenten datt av, følgde.

**Erik Eriksen** hadde lese boka **Dikt og slikt** av Perry og hadde mange lovord – og referenten sluttar seg til!



Emnet for denne kvelden var **informasjonsteknologi**, nærmare bestemt nyttige utgreiingar om korleis ein kjem seg inn på ulike rotarysider.

**Kari Herder Kaggerud** forklarte korleis ein kjem inn på medlemsnettet – <https://medlemsnett.rotary.no/>, der vi mellom anna finn informasjon om medlemene i klubben vår.

**Edrund Olaisen** fortalte oss om *rotary fellowships* – det vil seie alle fellesskapane for rotaryanarar med ulike interesser, frå «motorcycling» og «doll lovers» til «wine» og «egyptology» – sjå <https://medlemsnett.rotary.no/fellowship/list>.

**Halvor Thommesen** greidde ut om korleis ein via Norsk Rotary Forum (rotary.no) kjem til *The Rotary Foundation* og eit «skjema [som] skal nå benyttes ved registrering av Avtale-giro til TRF».

Langesund, 19. mars 2025,  
**Rolf Theil**

Perry Sævik

**DIKT OG SLIKT**

tenksomt  
optimistisk  
humørfylt

Lasertrykk.no